

## Vedlegg til frådelingssøknad

Me - Asbjørg og Jon Neset - har gjort som kommunar rundt om i heile landet oppmodar sine gamle om, me har kjøpt oss bustad i sentrum. Dermed er tida inne til å finne ut av kva me vil gjera med garden Haug på Møsstrand der me no bur. Me har bestemt oss for at me vil at ungane våre, som alle er sterkt knytte til Møsstrand men i alle fall ikkje nett no i ein situasjon der det er aktuelt å flytje attende, skal ha kvar sin plass å koma tilbake til. Dette kan me få til ved at me overfører garden til ein av dei, og at dei to andre får avtalefesta bruksrett til kvar si hytte. Garden har våningshus og uthusbygning. I tillegg er der eit bustadhus der me bur no og to utleiehytter ( 35 og 36 år gamle). Desse tre sistnemnde husa vil me at ungane skal ha. Så vidt me skjønar, vil dette vera heilt innafor noverande reglar, sjølv om det då ikkje blir fast busetnad på garden.

Etter som me har skjønna, er kommunen i samband med ynskje om auka folketal på leiting etter buplassar til folk som har lyst til å flytje hit. (Høyrer gjete at eigarar av tome hus blir oppringt med spørsmål om å selje.) Småbruk er visst særleg etterspurt.

Garden Haug er, som dei fleste gardar på Møsstrand, ikkje ein gard å leva av, men derimot ein veldig triveleg buplass. Me skulle gjerne sett Haug som buplass, helst for ein barnefamilie, sjølv om dei ikkje er våre eigne. Dette kunne me fått til dersom me fekk dela frå dei tre husa me vil at våre eigne skal ha. Me meiner det ligg veldig godt til rette for ei slik løysing, sidan alle dei tre husa det er snakk om ligg samla på eit område ueigna til dyrking, og heller ikkje med innmark rundt. Dei har ein felles veg som ikkje kjem i konflikt med tun eller jorde på garden.

Utleiehyttene frå ca 1990 har hatt enkelt vedlikehald men inga oppgradering og vil neppe kunne reknast som noko vesentleg inntektskjelde på garden. Sidan dei som bur på Haug uansett må hente seg inntekt andre stader, kan det hende det er viktigare at frådelinga vil senke kjøpesummen enn at dei går glipp av ei marginal inntektskjelde, då særleg med tanke på unge kjøparar. Ein ung bufast familie på Haug ville vera eit godt tilskot til bygda Møsstrand.

Me har hatt kontakt med Vinjelosen og er innstilt på å koble oss på det prosjektet, anten det heiter «Ijos i gamle hus» eller «folkevekst i Vinje».